



Lindås kommune, rådmannen.  
Rådhuset -Kvernhusmyrane 41  
5100 ISDALSTØ

*Særutskrift av sak 2 frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule 26.02.17.*

### *Innspel til rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.*

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule (SU/SKMU) har handsama oppfordringa om å koma med innspel til rulleringsarbeidet for kommuneplanen sin samfunnsdel.

Gjeldande Samfunnsdel til kommuneplanen (2011-2023) har eit eige kapittel om grunnskulen (s12).

Her er måla for grunnskulen i planperioden formulert slik:

*«Lindås-skulen skal utdanna kunnskapsrike og skapande samfunnsborgarar med fellesskapsansvar og like moglegheiter til sjølvrealisering».*

- og:

*«Det er eit overordna mål for Lindås kommune å sikre god kvalitet i skulen. I kommunen sitt arbeid med kvalitetsutvikling i skulane vert det lagt vekt på tydelege forventningar og god dialog om resultat, prosessar og føresetnadar som legg grunnlag for god styring».*

Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet ved Myking skule stiller seg bak desse målformuleringane men meiner dei må konkretiserast og spissast for å gje effekt på skulenivå. Vi vil difor koma med følgjande tekstframlegg til kapittelet Grunnskule.

(Vi gjer merksam på at tal og prognosar me opererer med i teksten ikkje er kontrollert med gjeldande statistikk, - og bed om hjelp til å få dette grunnlaget så korrekt som råd ved vidare handsaming av innspelet vårt. Me er heller ikkje kategorisk når det gjeld dei prioriterte måla med strategiar, men meiner at Samfunnsdelen må vera på dette presisjonsnivået for at kommunestyret sitt vedtak skal ha gjennomføringskraft).

VEDTAK:

## **INNSPEL TIL RULLERING AV KOMMUNEPLAN FOR LINDÅS.**

### **Samfunnsdelen – rullering 2017**

#### ***Kapittel GRUNNSKULEN***

**Status og prognosar** (prognosene er basert på middels til høg folketalsutvikling):

Grunnskulen er ved sida av pleie og omsorg det store tenesteområdet i kommunen. Tenesta omfattar i 2016 - 13 skular og ca. 2100 elevar. Det vert gjeve SFO-tilbod til rundt 420 barn i 1-4 klasse. Tenesteområdet har om lag 275 årsverk knytt til undervisning.

Prognosar (s.?) forventar høg folkevekst i planperioden med ein relativ folkevekst på 18%. Om tilveksten dei siste åra vert lagt til grunn for folketalsutviklinga vidare vil kommunen ha ein folketilvekst på gjennomsnittleg 300 per år. Per i dag er ca 13% av innbyggjarane elevar i grunnskulen. Om 20 år vil det då bu ca 22000 menneske i Lindås kommune og det vil vera ca 700 fleire elevar i grunnskulane enn i dag. Det vil vera ei føremun ut frå infrastruktur og lokalsamfunna om denne auken vert noko lunne likt prosentvis fordelt i kommunen sine bygder og grunnskular. Det må vera eit mål å leggja tilhøva til rette for dette i planperioden.

#### **OVERORDNA MÅL:**

Det er eit overordna mål for for Lindås kommune å sikra god kvalitet i skulen. Dette er konkretisert slik:

#### ***Visjon og mål vedtekne av Kommunestyret 2008:***

I sak PS 46/08 *Plan for kvalitetsutvikling i grunnskulen 2008 – 2011* gjorde kommunestyret vedtak om følgjande visjon for Lindåsskulen:

***Lindåsskulen skal utdanna kunnskapsrike og skapande samfunnsborgarar med fellesskapsansvar og like moglegheiter til sjølvrealisering.***

Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet er uttrykt i Læringsplakaten og andre retningslinjer som gjeld Kunnskapsløftet, og dette skal nedfellast i organisering og gjennomføring av det konkrete læringsarbeidet i kvar skule.

#### ***Lokale mål og strategiar for skulane i Lindås kommune:***

**Mål:**

**Kreativ utnytting av ressursane – varierte tilbod, både pedagogisk og kulturelt. Skulane må nytta ressursane sine på ein kreativ måte for å gje eit variert undervisningstilbod der alle elevar kan få opplæring tilpassa sine evner.**

**Strategiar:**

- Sikra ressursar til varierte arbeidsmåtar, tilpassa opplæring. Varierte og tilpassa læremidlar.
- Læra elevane gode arbeidsmåtar og læringsstrategiar, øving i plikt og ansvar.
- Elevane må få konsekvent oppfølging, krav og tilbakemelding.
- Satsing på lesing og lesemotivasjon.
- Tilgang til variert og god litteratur gjennom skulebibliotek og samarbeidstiltak med folkebiblioteka.
- Utnytta læringsarenaer utanom skulen, sikra ressursar til besøk på Lyngheisenteret og lokale museum og til ulike kulturtilbod.

**Mål:**

**Elevane skal ha kunnskap om mat og helse, og om lokal matkultur og matproduksjon.**

**Strategiar:**

- Det blir sett i gang eit utgreiingsarbeid omkring ordningar med skulemåltid.
- Leggja til rette for samarbeid mellom skular og gardbrukarar ved tiltak som ” Inn på tunet - Garden som pedagogisk ressurs” og andre samarbeidstiltak.
- Kystkultur dagar i skulen – båt og fiske i fokus.

**Mål:**

**Elevane skal ha kunnskap om fysisk aktivitet og helse**

**Strategiar:**

- Sikra gode og godt utstyrte kroppsøvingssrom
- Utvikla uteareala for å gje høve til allsidig bruk av kroppen.
- Leggja til rette for uteskule, samarbeida med grunneigarar.

**Mål:**

**Godt skule-heim-samarbeid**

**Strategiar :**

**Kvalitetskalenderen for skuleheim-samarbeid skal vera retningsgjevande, jf. utgreiinga Kvalitet i skulen i Lindås.**  
Reetablera eit kommunalt foreldretutval.

**Mål:**

**Lindås kommune sine grunnskular skal ha høg undervisningskompetanse .**

**Strategiar:**

- Kommunale midlar til kompetanseheving og etterutdanning for å gje fleire lærarar etter- og vidareutdanning, utnytta løyvingar frå staten.
- Lindås kommune bør leggja til rette for ei mentorordning for nyutdanna lærarar og andre lærarar som treng dette.

**Mål:**

**Skuleeigar må ha god skulefagleg kompetanse på kommunenivå og syta for at kommunen til ei kvar tid har eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og i forskriftene blir oppfylte.**

**Strategiar.**

- Tidlegare og nye utviklingsprosjekt som gjeld læringsarbeidet må følgjast opp fagleg og sikrast nok ressursar.
- Sikra god kapasitet, kompetanse og mynde i den pedagogiske leiinga på kommunenivået.
- Skuleeigar sine viktigaste samarbeidspartnarar i utviklingsarbeidet ved den enkelte skule er rektor og Samarbeidsutvalet

**Mål:**

**Kvalitetsvurdering – struktur –prosess –resultat.**

**Skulen i Lindås skal arbeida etter prinsippa for ein lærande organisasjon. Med utgangspunkt i det gode arbeidet skal skulen kvart år gjerast betre.**

**Strategiar:**

- Tilbakemeldingar frå skulane – oppfølging frå skuleeigar.
- Internt arbeid med resultat på skulane i årlege planprosessar.

Rett utskrift 30.01.2017

Nils Kvalvågnes  
(referent for SU/SKMU)